



Protokoll frå SU og FAU møte 05.06.2525

Møtt til Samarbeidsutvalet: Aud Jane Egge, Nils Martin Sikveland, Knut Undheim, Gerd Rusdal

Fråfall: Aina Idland, Borghild Bjørkmo, elevrepresentantane deltok ikkje i dette møtet.

Møtt frå FAU: Øyvind Søyland, Knut Undheim, Bodil Hobberstad Knutsen

Fråfall: Borghild Bjørkmo, Silje Taksdal, Elena Menichelli, Serina Fuglestad Sikveland

Invitert gjest: skulesjef Elsa Djuve Jerstad

Sak 5 24-25 SU og sak 23 FAU. Ein ser på kva som kom fram på foreldremøte for 2. og 3. trinn 04.06.25

Godt oppmøte på foreldremøtet rundt 30 stk, dei fleste heimane var representerte.

Tilbakemelding til rektor er at ho hadde gått for fort fram då ho sendte ut melding om at 3. og 4. trinn til neste skuleår vert samanslått til ein klasse. Årsak til dette er nedgang i ressursar til skulen. Frå 13.1 årsverk til 11.49 grunna elevnedgang og kutt i ikkje lovpålagte tenester.

Det blei invitert inn til foreldremøte, kor foreldra skulle få vere med i ein prosess rundt 3 ulike måtar ein kan organiserer klassane på.

Gruppearbeidet rektor hadde lagt opp til gjekk ut. Begrunning for dette var at ein ikkje ville slutte seg til nokon av forslaga. Ein ønska ikkje å bli oppfatta slik at ein godtok ressursfordelinga til US.

Beslutning frå rektor vart då, at ein beheld dei to klassane med kvar sin kontaktlærer. Fellesundervisning i einskilde fag. T.d. krø, musikk, praktiske og munnlege fag.

Bekymring frå foreldra ved samanslåing er at ikkje alle får det dei treng. Bekymring er det også for at lærarane vert utslitne av store klassar. Færre vil velje å ha barna sine på US. Færre lærarar vil velje å vere på Undheim skule. Erfaringar frå tidligare år gjer denne bekymringa.

Ein vil ikkje at US skal verta ein fådelt skule. Foreldra vil ha små klassar på Undheim og nok ressursar til å drive dei. Eit par av dei føresette kom med innspel på at ei samanslåing kunne vore bra for t.d. jentemiljøet.

FAU sakna info om spesialundervisning-fordelinga i forhold til ressursar. I dei 11.49 årsverk som skulen har fått tildelt for neste skuleår er timane til elevar med vedtak innbaka i totalen. Dersom ein ikkje hadde hatt elevar med vedtak, ville talet på årsverk vore mindre.

Føresette er også bekymra for at samanslåing sender feil signal til politikarane; at Undheim skule vil klare seg med mindre ressursar. Foreldra meiner at små klassar gjer det beste læringsmiljøet. Skulen er ikkje einig i dette.

I møtet ser ein og på komande kull for US. Skulen vil ligge på rundt 100 elevar frametter. Gitt at ein vel Undheim skule som sin skule.

Referent Gerd Rusdal